



GLØDE
Arbeids- og kompetansesenter

ÅRSRAPPORT 2019



INNLEIING

Innhold

Innleiing	3
Visjon og verdiar	5
Tiltak	6
Organisasjon	15
Oversikt over arbeidsfelt i verksemda	20
Utvikling og samarbeid	23
Kompetanseheving	26
Sertifisering	27



Foto: Gløde AS

INNLEIING

Innleiing

Gløde sitt samfunnsoppdrag er å gje tilbod til personar som står på utsida av arbeidslivet. Dette er eit oppdrag vi tar på alvor og arbeidar for å løysa på best mogleg måte.

Hovudoppdragsgjever er NAV, men vi servar også mange andre viktige aktørar, samarbeidspartar og oppdragsgjevarar; til dømes kommunane, privat næringsliv og privatpersonar.

Fagleg oppdatering og evne til tilpassing og omstilling er sentrale kvalitetar i Gløde.

Kontakt og samhandling mellom verksemda og næringsliv og kommunar er eit prioritert felt. Gjennom tiltaka Oppfølging, Avklaring og AFT er det etablert kontaktar og viktige samarbeidsrelasjoner. Det vert arbeida for å inngå samarbeidsavtaler mellom Gløde og aktuelle verksemder. Eigen vare- og tenesteproduksjon er, og ein sentral del av attføringsarbeidet.

Lokalt samarbeid

ASVL-verksemduene i Nordhordland står saman for å bygge eit sterkt og godt tilbod til målgruppene våre. Vi er ikkje konkurrentar, men supplement til kvarandre. Det er faste treff for daglege leiatar som sikrar samarbeid og felles opplæring av tilsette.

Gløde har også eit aktivt medlemskap i Nordhordland Næringslag. Administrasjonsleiatar og avdelingsleiatar for tiltaka Oppfølging og Avklaring er med i nettverk for mellomleiatarar (Link) Dagleg leiatar er med i nettverk for daglege leiatarar (Tryggare styring)

AFT-tiltaket

Arbeidsførebuande trening, AFT, er eit godt planlagt tiltak i Gløde. Det har vore, og det vert arbeida systematisk og godt med innhald og

gjennomføring av tiltaket. Tilpassing og optimalisering av interne arenaer gir gode resultat. Organisasjonen er tilpassa tiltaket og personalopplæring er gjennomført. Jamleg vert det gjennomført evalueringar for å få ein best mogeleg bruk av dei interne arenaene. Tiltaket har god innsøking, frå oppstart. Til tross for 10 midlertidige plassar, er det ei betydeleg venteliste.

VTA-tiltaket

Sikring av kvalitet og utvikling av VTA-tiltaket har også i år vært et viktig satsingsområde for Gløde. Vi har hatt fokus på kvalitetssikring av tiltaket og har arbeidet med å innarbeide nye retningslinjer frå kravspesifikasjonen. Vi har også veklagt meir samarbeid med bedrifter i nærmiljøet og har arbeidstakar som prøver seg ut i ordinært arbeid.

Drift og økonomi:

Gløde har hatt betydelege utfordringar med økonomien i verksemda i seinare år. Alle avdelingar og arbeidsområde er gjennomgått med tanke på å sikre økonomisk berekraft. Arbeidet har gitt resultat, men det er fortsett utfordringar. I 2019 er det brukt betydelege midlar til utvikling og omstilling. Etter eit overskot på meir enn ein million i 2018 har Gløde eit underskot på over 1 mill. kroner i 2019.

Ambisjonane for framtida er å utvide porteføljen vår ytterlegare. Vi skal vere rask med å mobilisera ressursar når nye behov oppstår. Vi er ein verdiaktør, og fokuserer og har sterkt fokus på verdiforankringa.

Sommaren 2018 starta vi eit prosjekt for gjenbruk av material og byggjevarer, med mottak frå byggeplassar og riving av bygg. Materialet vert nytta i eigenproduksjon og for sal.

Prosjektet gir gode arbeidsplassar for VTA, AFT og er ein god arena for avklaring. 2019 har vore eit aktivt år i prosjektet, men oppføringa av ein

INNLEIING

stålhall har vore meir tidkrevjande enn forutsett.

Prosjektet er godt i gang, men vil skyta fart når hallen er oppført. Allereie no ser ein at dette er ein svært god arena for tilrettelagt arbeid, utprøving og kompetansebygging.



Oppføring av Gjenbruksshall, biletet er teke 27. februar 2020

VISJON OG VERDIAR

Visjon og verdiar

Vår visjon er gjennom arbeid og tenester å styrke den enkelte sin moglegheit til sjølv å nå måla sine. Vi lukkast i den grad den enkelte lukkast i å nå sine mål.

Vi er svært opptatt av våre verdiar, nedfelt i våre vedtekter, som seier mykje om kva vi står for og jobbar for:

ALLE ER UNIKE OG LIKEVERDIGE OG ALLE SKAL OPPLEVA MEISTRING

ALLE KAN ARBEIDE ALLE KAN UTVIKLE SEG ALLE KAN GJERE EIN FORSKJELL

Alle kan arbeide

Arbeidslinja er sentral i den norske velferdsstaten. Gløde vil og skal støtte opp om dette. Det er ikkje sagt at alle skal arbeide, men vi skal motivere og legge til rette for alle som vil arbeide, og ikkje gje oss før dei får det til. Vi skal stille oss på deltakars side og saman utforske mogelegheitene. Vår vide definisjon av arbeid er: Ein prosess som fører til verdiauke av varer og tenester som skal ut i ein marknad.

Alle kan utvikle seg

Vår visjon er «gjennom arbeid og tenester å styrke den enkelte sin moglegheit til sjølv å nå måla sine.» Vi er overtydd om at alle kan utvikle seg dersom forholda vert lagt til rette. Det handlar mellom anna om at den enkelte blir sett, blir utfordra og blir heia på. Dette gjelder også Gløde sin stab. Vi skal vere ein lærande organisasjon som stadig utviklar seg gjennom at den enkelte utviklar seg.

Alle kan gjere ein forskjell

Alle gjer ein forskjell! Det handlar om sjå den enkelte, sette lys på kvar enkelt si betydning og gi rom for kvar enkelt si unikheit. Vi er overtydd om at når personar bli akseptert for



den dei er, trivst og kan nytte sine ressursar, vil dei gjere ein forskjell. Vi tenker at kvar enkelt er viktige brikker i det totale puslespillet. Alle tilsette i Gløde skal gjere ein positiv forskjell i samfunnet og for den enkelte deltarar.

Formålsparagraf i vedtekten.

§ 2. Formål

Gløde AS sitt formål er arbeidsinkludering, kompetanseformidling og verksemeld i samband med dette.

Vår målsetting er gjennom arbeid og tenester å styrke den enkelte sin moglegheit til sjølv å nå måla sine.

Vår målgruppe er personar som treng: Varig tilrettelagt arbeid, arbeidstrening, avklaring, opplæring og hjelp til å komme ut i ordinært arbeid.

Med arbeid meiner vi ein prosess som fører til verdiauke av varer og tenester som skal ut i ein marknad.

Gløde AS kan delta i andre selskap.

§ 3 Verdigrunnlag

Alle kan utvikle seg

Alle kan gjere ein forskjell

Alle kan arbeide»

TILTAK

Tiltak

Gløde AS har fokus på kvalitetssikring av alle prosessar i dei ulike tiltaka. Brukarmedverknad er sentralt. Alle deltakarar er med på å utarbeide sine aktivitets-/tiltaksplanar og å definera kva nivå som skal settast når det gjeld forventningar og krav.

For dei midlertidige tiltaka er målestokken den ordinære arbeidsmarknaden og praksis vert i større grad lagt eksternt i ordinær verksem. Dei interne arbeidsområda blir først og fremst sett på som eit verktøy for deltakar sin kartlegging, plan og progresjon. Det vert gjort individuelle vurderingar om arbeidsoppgåvane er reelle og hensiktsmessig for deltakarar. Det vart i 2019 satt i gang eit arbeid for å verta godkjent som opplæringsverksem på fleire arbeidsområde. Målet er å kunne gje enda betre opplæring og avklaring.

Personvern står også sterkt i Gløde: Vi har underteikna databehandlaravtale med NAV, Proplan, Upheads og mange andre. Vi har jobba mykje med GDPR, og vi har tilslutta oss bransjenorma som er utvikla i samarbeid med blant annet Arbeid & Inkludering og ASVL.

VARIG TILRETTELAGT ARBEID (VTA)

Gløde fekk i 2019 tildelt ein ekstra VTA-plass og gjekk frå 23 til 24 plassar i tiltaket varig tilrettelagt arbeid. Vi har i fleire år hatt ein stabil arbeidsstokk i VTA. Dei siste to åra har det vore ein del utskiftingar.

Antall per 01.01.2019	28
Direkte inn	4
Begynt i perioden	4

Annet, aktive løysingar	1
Søkt/fått alderspensjon/avtalefestet pensjon	1
Død	1
Manglande frammøte/stabilitet	1
Slutta i perioden	4
Antall per 31.12.2019	28

Både ved inngangen og utgangen av 2019 har alle plassane vore nytta med 28 personar i tiltaket.

Gløde har ved utgangen av året 14 på venteliste til VTA frå Meland, Bergen og frå ulike kommunar i Nordhordland. I samband med tilsettingar i 2019 og 2020 har lista krympa til 10 personar.

Gløde tilbyr tilrettelagt arbeid innan følgjande arbeidsområde:

- Kjøkken / kantine
- Vaktmester/driftsoperatør
- Trearbeid
- Gjenbruk
- Lager / logistikk
- Pakkearbeid
- Monteringsarbeid
- Tekstil/glas
- Internt vaskeri
- Fruktavdeling (skulefrukt / jobbfrukt)
- Transport avdeling
- Kontor- og administrasjon

Rettleiling av den enkelte vert tatt hand om av arbeidsleiar, med støtte frå avdelingsleiar.

Det er no innført dagleg produksjonsplanleggingsmøter på alle arbeidsstadane, då vert dagens arbeid drøfta og planlagt og fordelt. Dette gjev arbeidstakarane moglegheit for påverknad over eigen arbeidssituasjon, samt at verksemda får god styring over dei ressursar som til ei kvar tid er tilgjengeleg.

TILTAK

Framleis vektlegg Gløde at dei ulike arbeidstakarane kan få individuell tilpassing av sin arbeidsdag med moglegheit til å jobbe innanfor fleire av dei ulike arbeidsområda som vi har.

Det er gjennomført fleire fellesmøte på dei ulike avdelingane. Arbeidstakarane er representert i vernearbeidet gjennom kontaktpersonar på kvar avdeling. Bedrifta har ei trivselsguppe beståande av to valde arbeidstakarar og to ordinært tilsette. Desse jobbar med ulike trivselstiltak i bedrifta. Arbeidstakarane har også vald ein representant til bedrifta sitt styre og ein tillitsvalt og sekretær som skal ivareta arbeidstakarane sine interesser.

KOMMUNALE TILRETTELAGTE ARBEIDSPLASSAR (KTA) VED GLØDE

Gløde har ved utgangen av 2019, 11 KTA-plassar, ti personar frå Meland og ein frå Lindås.

Kommunalt tilrettelagt arbeidsplassar er tilbod til personar som ikkje kan arbeide ved ordinære tiltaksbedrifter og som fell utanfor den statlege VTA-ordninga. Tiltaket er retta mot personar som har behov for spesiell tilrettelegging og tett oppfølging (ofte 1:1). Målet er at deltakarane på kommunale plassar må vere i stand til å utføre delar av eit arbeid.

Tiltaket er 100 % finansiert av innsøkande kommunar, og satsen er satt i forhold til den enkelte sitt oppfølgingsbehov. Oppfølgingsbehovet vert fastsett ut frå søknad og ein utprøvingsperiode ved Gløde. Avtalen til den einskilde vert evaluert årleg mellom partane.

Også i 2019 har Gløde sett behovet for å auke aktivitetstilbodet til dei som har avtale om kommunal plass. Resultatet er at Gløde legg vesentleg meir vekt på dei individuelle behova den enkelte deltakar har, og eigne dagsplanar

legg føringar for kvardagen når det gjeld fordeling av arbeid og aktivitet.

METODAR I TILTAKET:

- Individuell rettleiing/medarbeidarsamtale
- Utarbeide aktivitetsplanar
- Dagsplanar/ «teach metode»
- Sosial trening og opplæring i sosiale ferdigheiter og karriereferdigheiter
- Samarbeidsmøte / ansvarsmøter
- Opplæring og grunnleggande praksis tilpassa deltakar sine føresetnadar, ynskjer og behov

GODKJENDE PLASSAR PR. 31.12.19

- 24 VTA-plasser
- 11 KTA-plassar



Foto: Francisco Photography. Bama Jobbfrukt

ARBEIDSFØREBUANDE TRENING (AFT)

Gløde er godkjend leverandør av tiltaket Arbeidsførebuande Trening (AFT), og er tildelt 32 plassar pluss 10 ekstraplassar (førebels midlertidige), til saman 42 plassar, i dette tiltaket.

Gløde tilbyr tiltaket AFT i samsvar med NAV sin kravspesifikasjon for tiltaksarrangørar. Målgruppa er personar med nedsett arbeidsevne og samansette bistandsbehov, og

TILTAK

det ideelle resultatmålet når det gjeld formidling er 50 % overgang til arbeid eller utdanning. Gløde tilbyr individuell skreddarsaum for kvar deltakar for å kunne møte ulike behov, slik som helsemessige og sosiale utfordringar, svake grunnleggande ferdigheiter og liten eller ingen arbeidserfaring.

Gløde sin filosofi for tiltaket er

- Vi skal ha eit klart jobbfokus (ordinært arbeid under ordinære vilkår er målet)
- Vi skal vere målretta, strukturerte og tidseffektive
- Det skal vere ein kvalitetssikra prosess
- Alle delar av tiltaket skal halde høg fagleg kvalitet og byggje opp under hovudmålsettinga
- Vi skal vere bruakarsentrert (deltakar eig sin prosess fram mot arbeid)
- Deltakar og NAV skal sitje att med ein meirverdi etter tiltaket
- Ordinært arbeidsliv er vår viktigaste samarbeidspart for å lukkast i AFT



Foto: Gløde AS. Meistring i AFT.

Oppfølgingsmetodikken i AFT byggjer på Supported Employment (SE), ei metodisk tilnærming for å sikre at menneske med funksjonsnedsettning / utsette grupper får tilgang til og opprettheld betalt arbeid på den opne arbeidsmarknaden. SE handlar om å raskt finne jobb som passar for arbeidssøkar, gi nødvendig opplæring og rettleiing på praksisstaden, samt å utvikle og vedlikehalde arbeidsforholdet. Gløde bruker mykje av strukturen og tankegodset i SE for å få til best mogeleg arbeidsinkludering. Tiltaket inneholder både avklaring, karriererettleiing, opplæring, intern arbeidstrening, ekstern arbeidstrening og formidling.

Gløde har i 2019 hatt tilbod om skjerma arbeidsmiljø for utprøving av arbeidsevne innan arbeidsfelta

- Kjøkken / kantine / catering
- Drift og vedlikehald
- Trearbeid
- Lager og Logistikk
- Transport
- Fruktavdeling (skulefrukt og jobbfrukt)
- Kontor- og administrasjon
- Helsefag/Miljøarbeid

I tillegg legg vi til rette for arbeidsutprøving i eigne lokale for IT-driftsoppgåver. Førebels i liten skala.

Ved bruk av eksterne aktørar, opnar tiltaket AFT opp for eit større tilfang av arbeidsplassar for våre deltakarar. Vi har i 2019 hatt deltakarar utplassert i blant anna kontor/administrasjon, skule- og barnehage , ulike formar for transport, mekanisk industri, storkjøkken, tømrarverksemd, film/bilde/data og handel/service. Det ordinære arbeidslivet er

TILTAK

viklig for å utforska mogleighetene for deltarane våre.



Foto: Gløde AS. Meistring i AFT.

METODAR I TILTAKET:

- Individuelle samtalar og rettleiing
- Karriereverktøy/samtaleverktøy SCI / Wie / Vip24 / JobbPics (eventuelle andre verktøy)
- Sosial trening, meistringsaktiviteter og opplæring i sosiale ferdigheiter og karriereferdigheiter
 - Deltaking i kursserien «Å bære sin egen ryggsekk» (psykisk helse, motivasjon, jobbfokus) (lita gruppe)
 - Deltaking i Lunsjgruppe (Samtalemetodikk/sosial kompetanse/arbeidsliv/lunsj) (lita gruppe)
 - Individuelle meistringsaktivitetar

- Samarbeidsmøte med NAV / helseteneste og andre aktuelle instansar
- Opplæring og grunnleggande praksis internt og eksternt, tilpassa deltarar sine føresetnadar, ynskjer og behov

ÅRSSTATISTIKK

Pr 01.01.2019 var det 42 aktive deltarar i tiltaket. I løpet av perioden 01.01.2019 – 31.12.2019 har 46 personar starta i tiltaket, dette er 12 færre enn året før. Talet på deltarar som har slutta i tiltaket i denne perioden er 42 personar.

Pr 31.12.2019 var det 46 personar i tiltaket, mot 42 personar året før. Fordelt på kjønn har det gjennom året vore 33 kvinner og 55 menn i tiltaket.

Sluttårsak

Ordinært arbeid, utan lønstilskot 2 personar

Ordinært arbeid, med lønstilskot 4 personar

Arbeid/trygd kombinasjon 4 personar

Eigenfinansiert utdanning 6 personar

Utdanning dekka av NAV 1 person

Andre aktive løysingar 4 personar

Sjukdom/medisinsk/ sosial rehabilitering 8 personar

Søkt uførepensjon 10 personar

Anna ingen aktiv løysing 3 personar

Gjennomsnittleg oppholdstid i tiltaket har vore 9,48 månadar. Dette er 2,69 månader meir enn året før.

Aldersfordeling for dei som slutta i perioden 01.01.2019 – 31.12.2019

TILTAK

Under 25 år	18 personar
Over 25 år inntil 35 år	10 personar
Over 35 år inntil 55 år	13 personar
Over 55 år	1 person

Resultat 40 % deltakarar til jobb/utdanning (17 av 42). Dette er vi ikkje nøgd med og vi jobbar med analysar og tiltak for å betra måloppnåinga.

Arbeidshindring

Ved innsøking hender det at det i bestillinga er oppgitt diagnose, og då blir denne ført i registreringssystemet vårt. Av dei registrerte tilfella ser vi at det er psykiske lidingar av ulik grad som går att som den mest brukte diagnose og som eit hinder for at personen har kome i ordinært arbeid. I stor grad gjeld dette for dei yngre i tiltaket.

KVA MED 2020?

Vi er oppteken av å ha kvalitet i tiltaket samstundes som vi skal nå målet om formidling til arbeid og utdanning. Vi ynskjer også å gi eit tilbod til alle, men vi ser at vi får menneske inn i tiltaket som ikkje er klare for å nyttiggjere seg tiltaket slik føresetnaden er. Mange av dei har uavklarte diagnostar, fleire av dei treng eit helsetilbod framfor eit tiltak der jobb skal vere fokus, nokre av dei har gjennom eit heilt liv møtt motstand og treng lang tid for å tilpasse seg eit tilbod der dei no skal prioritere arbeid. For mange av desse kan krava vere for høge, og det er desse som ofte blir avslutta av medisinske grunnar. Vi ynskjer ikkje å avslutte til inga løysing, men viss vi ikkje kjem i posisjon for rettleiing, vil dette i nokre tilfelle bli sluttårsaka.

Det er NAV som har samfunnsoppdraget. Tiltaket AFT er ei av løysingane NAV kan velje for å kunne lukkast med samfunnsoppdraget. Vi ser at deltakarane våre ofte har eit meir omfattande bistandsbehov enn dei har eit moderat bistandsbehov. For å lukkast kan det difor vere avgjerande at dei med mest omfattande bistandsbehov ikkje er i ein passiv ventetilstand i perioden frå dei vert søkt inn til dei får plass. Ventetida kan vere opp mot 6 månadar, og då kan det vere vanskeleg å halde oppे motivasjonen, som trass alt er ferskvare. Ein annan viktig del av det å lukkast, er å møte deltakarane våre der dei er, og å møte deira ynskjer. Difor er det viktig for oss å kunne gi det arbeidstilbodet det er etterspurnad om i arbeidsmarknaden. Vi er difor heile tida på jakt etter gode samarbeidspartnarar eksternt samt at vi ser på nye interne arbeidsavklaringstilbod.

Fagopplæring

Gløde er godkjend opplæringsbedrift innan institusjonskokkfaget. Vi har ikkje hatt lærling/lærekandidat i faget i 2019. Vi har starta prosessen med å bli godkjend innanfor faga møbelsnikkar/trevare, logistikk, helsefag, driftsfag (vaktmester), kontor- og administrasjon, og kokkefaget. På dei ulike arenaene vert det meir eller mindre arbeida etter fagplanar for desse faga, men det er på slutten av 2019 dette har kome i meir ordna formar. Vi vil bruke våren 2020 til å kome på plass med dei interne planane samt at alle skal ha sin individuelle plan.

For kandidatar i AFT som har vore utplassert eksternt har vi for nokre av dei hatt heile eller delar av fagplanen i fokus for arbeid/opplæring i bedrift. Dette gjeld spesielt kandidatar som har vore utplassert i skule/barnehage (Barne- og ungdomsarbeidarfaget), og for kandidat i tømrarbedrift. I 2020 skal meir fokus rettast inn på dette området.

TILTAK



Foto: Gløde AS. #GITID

AFT – GRØNT ARBEID

Gløde AS er tildelt 5 plassar i tiltaket AFT – Grønt arbeid, eit arbeidsmarknadstiltak for personar med psykiske og/eller rusrelaterte helseproblem.

Talet på deltakarar ved starten av 2019 var 2.

4 deltakarar har starta i løpet av året, og 3 deltakarar har slutta:

Andre aktive løysingar	1
------------------------	---

Sjukdom/medisinsk/sosial rehabilitering	2
---	---

Ved årets slutt er det 3 personar i tiltaket.

Grønt arbeid på Træland Gard er eit samarbeid mellom Gløde AS, Træland Gard og NAV. Tiltaket er ein del av «Inn på Tunet», som er ei nemning på tilrettelagte aktivitetar som vert tilbydd på ulike gardsbruk og for ulike brukargrupper. Grønt arbeid er eit fleksibelt og individuelt tilrettelagt arbeidstreningstilbod der deltakarane skal oppleve tryggleik, trivsel og meistring.

Tiltaket er direkte underlagt Gløde AS som tiltaksarrangør. Træland Gard er underleverandør og har det delegerte ansvaret for dagleg styring og drift, samt oppfølging av deltakarar. Gløde har 18% stilling inn mot tiltaket og har mellom anna oppfølging på deltakarar og arbeidsleiarar.

Træland Gard ligg på Hundvin i Lindås kommune og har vore i drift i 150 år. Ved garden vert det lagt vekt på å bevare kulturlandskapet og å ta vare på både gards- og mattradisjonar.

Vi har over tid sett därleg innsøking til tiltaket. Noko av årsaka kan vere ei oppfatning og oppleveling frå NAV sine sakshandsamarar at tiltaket ikkje direkte er knytt opp mot ordinært arbeid og at andre tiltak er meir hensiktsmessig. Det er presisert frå Træland Gard og Gløde si side at overføringsverdi til ordinært arbeid har vore fokus sidan tiltaket starta opp. For mange av deltakarane er det likevel et samansett behov, og mange må ha på plass rutinar for oppmøte, komme inn i sosiale omgangsformer og oppleve meistring ved sida av å starte fokuseringa på jobb. Dette tar i mange tilfelle tid.

ELEVAR

Gløde har avtale med Hordaland Fylkeskommune om elevplassar frå vidaregåande skular. Fylkeskommunen finansierar utprøvinga. Vi har i mange år hatt elevar på slik utplassering i skuletida. Dette er som oftast elevar som har tilrettelagt undervisning og som treng tilrettelagt arbeidsutprøving og trening.

I 2019 har vi hatt til saman 5 elevar på utprøving i kortare eller lengre periodar. Utprøvinga tek utgangspunkt i behova og ønska til elevane og kan gå føre seg på alle våre arbeidsarenaer.

LÆRLINGAR

TILTAK

Gløde har i 2019 ikkje hatt eigen lærling eller lærekandidat knytt til verksemda.

Gløde er medeigar i Opplæringskontoret AMB for tilrettelagt opplæring. Når det vert skrive lærekontrakt/opplæringskontrakt med lærling/lærekandidat og denne høyrer til distriktet vårt (elevar frå dei vidaregåande skulane Austrheim og Knarvik), blir Gløde tilretteleggjar i læreløpet for vedkommande. Det vil seie at vi er opplæringskontoret si forlenga arm ut mot lærling og lærebedrift, og skal ha tilrettelegginga av opplæringa ut i verksemdene. Gløde er tilretteleggjar for lærekandidat og bedrift, og skal ha oppfølging av begge partar gjennom heile opplæringstida. I 2019 har vi hatt tilretteleggingsansvar for 2 lærlingar ute i bedrift.

TILTAK



Foto: Francisco Photography. Oppfølging.

AVDELING FOR OPPFØLGING OG AVKLARING (ANBOD)

Avdelinga har ansvar for dei konkurranseutsette anboda Oppfølging og Avklaring. Desse anboda vert levert i samarbeid med Fretex (Hovudleverandør) og Trigger. Avdelinga har ansvar for fagleg innhald og kvalitet i tiltaka. Det er ei avdeling med høg aktivitet, krav til gode system og logistikk. Dette er ivaretatt av ein stab med kompetente tilsette. Rettleiarar innan Oppfølging og Avklaring har variert yrkes- og utdanningsbakgrunn, noko som skaper mangfold og kjem våre deltakarar til gode.

I Bergen heldt vi til i C. Sundsgt. 51, 4 etasje (Oppfølging) og i Knarvik har vi adresse Hagellia 4 (Oppfølging og Avklaring). I tillegg tilbyr Gløde tiltaket Avklaring i Åsane (Litlåsveien 49). For alle plasser har vi lyse og tenlege lokal, der deltakarane har mogleighet til å utføre fleire av arbeidsoppgåvene i tiltaket.

Som eit ledd i årleg utvikling samt fokus på felles fagleg plattform, valde avdelinga å sertifisere dei rettleiarane som tidlegare ikkje har fått opplæring i VIP24. Karriererettleiingsverktøyet sett fokus på verdiar, interesser og preferansar og tar omsyn

til 24-timers mennesket. Fleire av våre rettleiarar var også til stades på Utkantkonferansen 1.4.2019. Gløde har i ettertid tatt konsekvens av dei ulike utfordringane som vart belyst på konferansen ved å vidareutvikla eit konsept som vi håper å setja i verk i løpet av 2020 som eit prosjekt og etter kvart eit fast tilbod til ungdom som står i fare for å avbryte skulegang.

I 2018 inngjekk Gløde fleire samarbeidsavtalar som mellom anna førte til at vi vert meir synlege blant ulike aktørar i regionen. I 2019 inngjekk vi i tillegg samarbeidsavtalar med blant anna Framo, som vi håpar skal styrke moglegheitene for utprøving i tiltak, med raskare gjennomstrøyming.

I 2019 har vi hatt ei meir stabil personalgruppe, som har gitt auka kontinuitet.

OPPFØLGING

I tiltaket oppfølging gir Gløde deltakarar hjelp til å skaffe eller behalde eit arbeid. Dei får mellom anna rettleiing, råd og hjelp til opplæring i arbeidsrelaterte og sosiale ferdigheiter. Det inneber hjelp til jobbsøking, å legge arbeidet og arbeidssituasjonen til rette, praktiske oppgåver knytt til arbeid eller gjennomføring av tiltaket. Det var i snitt 9 rettleiarar i dette tiltaket i 2019.

I inngangen til 2019 hadde Gløde 90-100 plasser i Nordhordland og om lag 180 plasser i Bergen.

1.1.2019 var det 148 aktive i tiltaket oppfølging, og ved utgangen av året var det 130 aktive deltakarar. I perioden har 232 deltakarar blitt avslutta, av desse er 115 (50%) gått til ordinært arbeid. I tillegg har 6 deltakarar (3 %) gått til utdanning. Til saman gjev det eit totalt formidlingstal på 53%

TILTAK

AVKLARING

I tiltaket avklaring vert det kartlagt og vurdert om deltarar kan utføra ordinært arbeid dersom arbeidssituasjonen og arbeidsoppgåver blir tilpassa. Vidare vert det kartlagt kva slags bistand eller tilrettelegging som skal til for at deltarar kan delta i arbeidslivet, samt kva kompetanse og moglegheiter deltararane har. I tillegg vert det gjeve informasjon og kunnskap om arbeidsmarknad, yrker og jobbkrav, rettleiing for val av yrkesmål og arbeidsoppgåver, samt arbeidsutprøving på ny eller annan arbeidsplass.

Gløde hadde i 2019 ei tiltaksramme på 25-35 tiltakslassar i Nordhordland, men etter ønske frå NAV har teamleiar og rettleiarar jobba systematisk for å halde ventetida nede på lågast mogleg nivå. Gjennomsnittleg oppholdstid i tiltaket har vore litt over 7 veker pr deltarar. For Avklaring i Åsane hadde Gløde avtale med Fretex om å gjennomføre tiltaket til og med mai 2019. Tilbakemeldingar frå lokalkontoret har vore gode, og Gløde gjorde i første omgang avtale om å fortsette ut november 2019, og har etter kvart gjort avtale om å fullføre kontrakten Fretex inngjekk. Dette har ført til at vi i Åsane har auka opp til 3,4 årsverk mot slutten av 2019, mens vi for første halvdel for 2020 har fått signal om at NAV Åsane har stort behov for bistand til kartlegging av deiras brukarar. Dette har igjen ført til at vi for første halvdel har budsjettert med 3,9 årsverk i Åsane, og snitt på 38-42 deltarar pr månad.

Gløde har etter ønske frå hovedleverandør (Fretex) overtatt og gjennomført avklaring for NAV Åsane i perioden juni og ut året 2019. Gløde held fram med dette ut mai 2020.

I snitt har tiltaket avklaring hatt 7,5 rettleiarar i 2019. Ved inngangen til 2019 var det 35 deltarar, 341 har begynt i løpet av året, 335 har avslutta tiltaket, og ved slutten av året var det 41 deltarar i tiltaket.

Resultat:

194 personar (58%) er avslutta til aktive tiltak (jobb, utdanning eller andre tiltak) og 141 (42%) personar er avslutta til anna hjelpe og oppfølging.

Utvikling

2019 har vore et aktivt år for å sjå på nye moglegheiter for å sikra vidareføring av kompetansen i Gløde uavhengig av om det vert vidareføring av anbod.


Gløde har også inngått samarbeid med Mikrogrønt AS om å ta i mot deltararar frå våre tiltak. Dette har igjen ført til et meir formalisert samarbeid også på andre område.

Gløde har i 2019 samarbeida med fleire aktørar som har bidratt til utvikling av eit ungdomsprosjekt.



ORGANISASJON

Organisasjon



ORGANISERING AV VERKSEMDA

Administrasjon: Økonomi, Kvalitetssikring, IKT og Telefoni, HMS, HR, Marknadsføring, Fakturering, Arkivering, Merkantile tenester, Koordinering av VTA/inntak avslutning, Moldovaprosjekt, Gjenbruksprosjekt

10 Ordinært tilsette, inkl. 2 utleigde

Logistikk og Service: Ansvar for VTA- og KTA-deltakarar, delansvar for praksisopplæring i AFT, kantine og catering, transport, lager, pumpeproduksjon, pakking, montering, treavdeling (Frå 2020 er Gjenbruk og Tre slått saman og er lagt under administrasjonsavdelinga)

11 Ordinært tilsette, 4 av dei med ulike former for tilskot, 10.5 VTA-stillingar (14 personar), 1 KTA-deltakar (Kommunalt tilrettelagt arbeid) og ein arbeidstakar utan tilskot.

Frukt og produksjon: Ansvar for VTA- og KTA-deltakarar, delansvar for praksisopplæring i AFT, jobb-/skulefrukt, tekstil, glas, produksjon (Glødeplugg), pakking, logistikk / nettbutikk (Den Lille Gartner), vaktmester, aktiviteten.

11 ordinært tilsette, 14 VTA-deltakarar og 9 KTA-deltakarar

AFT og Lærlingar: Administrering og oppfølging i tiltaket AFT (Arbeidsførebuande trening), lærlingar, skuleelevar

6 ordinært tilsette, 42 AFT-plassar

Avklaring og Oppfølging: Administrering og oppfølging av anbodstiltaka: Oppfølging og avklaring

20 ordinært tilsette (fordelt på Knarvik, Åsane og Bergen)

Det vart gjennomført to personalsamlingar i 2019 med eksterne foredragshaldarar og fokus på relasjonsleiing og kartlegging av

ORGANISASJON

arbeidsmiljø, utvikling og samhandling med fokus for forbetring og utvikling. Dette er eit pågående arbeid for å utvikle verksemda og vert fulgt opp i samlingar for leiinga og tilsette i 2020.

Leiargruppa består av Bjørn-Arild Herfindal, Thomas Knudsen, Gry I Takle, Bjørn Thorsheim, Vibeke P Valestrand og Tryggve Gran. I tillegg er Dag Reistad og Åshild Langeland teamleiarar i Oppfølgingstiltaket og Elise Gundersen i avklaringstiltaket.

ORDINÆRT TILSETTE

Gløde hadde ved årsskiftet 2019/20 ein stab på 54 fast ordinært tilsette og 10 på engasjement. Av desse er 57 personar direkte knytt til tenesteyting. Gløde har kompetente medarbeidarar i alle ledd. Vi har fleire med høgskuleutdanning innan ulike fagretningar også ein del med master innan ulike fag. I tillegg har vi personar med fagutdanninger innan ulike fagområde.

- Pedagogisk kompetanse
- Helse- og omsorgsfag
- Leiing og administrative fag
- Humanistiske fag
- Mediefag
- Industri og handverksfag
- Arbeidsinkluderingskompetanse



Foto: Francisco Photography. Glade arbeidsleiarar på Gløde.

VERKSEMDA EIG FØLGANDE LOKALE

- Havnevegen 15.
Produksjonslokale og 4 leiligheter.
- Havnevegen 11.
- Produksjonskjøkken, kantine, møterom, undervisningsrom, kontor og 4 leiligheter.
- Mjåtvitflaten 33-37.
- Kontor, møte-/undervisningsrom, data og utvikling, Produksjons- og lagerlokale for Logistikk og serviceavdelinga

VERKSEMDA LEIGER

- C.Sundsgate 51 Bergen, 4 etasje – 11 kontor og møterom for oppfølging Bergen
- Hagellia 4, Kontorer og møterom for oppfølging/avklaring Nordhordland Knarvik Senter, Promenaden, 4. etasje – kontor.
- Litlåsvegen 49, Åsane, kontor og møterom

TTILDELT RAMME OG GODKJENDE PLASSAR PR. 31.12.18

ORGANISASJON

- 47 AFT-plassar (inkl. 5 grønt arbeid)
- 24 VTA-plasser
- Avklaring ordinær 25-35 plassar (Anbod)
- Oppfølging 200 plassar (Anbod)
- 11 kommunale plassar



Foto: Francisco Photography. Hjartebenken vert produsert for sal på Mjåtveit.

ORGANISASJON

Styret i Gløde	Namn
Styreleiar	Nils Marton Aadland
Nestleiar	Steinar Raa
Medlem	Åshild Aamli
	Anne Grete Eide
	Anne Kristina Valle
	Ståle Juvik Hauge
Medlem og representant for tilsette	Rune Myhr
Representant for deltagarar (tale og forslagsrett)	Svein Skjelanger
Vara	Sølvi N Gripsgård Knudsen
	May Eva Sandvik

Aksjeeiere	Aksjeandel
Meland Kommune	36,1 %
Lindås Kommune	10,6 %
Hordaland Fylkeskommune	7,1 %
NFU	6,0 %
Framo Flatøy AS	5,4 %
Norges Handikapforbund Meland	4,8 %
Radøy Kommune	4,6%
Sparebanken Vest	3,5 %
Meland Helselag	3,6 %
Austrheim Kommune	2,7 %
Helge Vidar Larsen	2,4 %
Masfjorden Kommune	2,0 %
Norsk Hydro	1,8 %
Steinar Knudsen	1,2 %
Karl G Oppsahl	1,2 %
Per Sæthre (etterlatte)	1,2 %
Ingvald Bastesen	1,2 %
Johan Alv Andersen	1,2 %
Gunnar Vetlejord	1,2 %
Equinor Mongstad	1,1 %
Fedje Kommune	0,9 %
Adv. Olav Jordal (etterlatte)	0,1 %
Nordhordaland Næringslag	0,1 %

ORGANISASJON

ØKONOMI

Foreløpig resultat synar eit underskot på over ein million.

Omsettinga var på kr. 46 mill. som er ca. 1 mill. mindre enn budsjett. Inntekta kommer frå sal av varer og tenester: kr 11 mill. (23,7 %) av omsetning og sal av tiltakstenester: kr 34 mill. (74,4%)

Samla kostnader var på 47 mill., av dette utgjorde personalkostnadane kr. 32 mill. (68%)

Det har vore eit utfordrande år på fleire avdelingar og mykje er satsa på prosjekt og investering i framtidige inntektsmogleheter.



OVERSIKT OVER ARBEIDSFELT I VERKSEMDA

Oversikt over arbeidsfelt i verksemda

KJØKKEN OG KANTINE

Gløde AS sitt kjøkken og kantiner er kjend for god mat og nøgne kundar. Kokkane våre held høgt fagleg nivå og har erfaring frå inn- og utland, restaurantar, kantiner og hotell. I tillaging av mat vert det lagt vekt på høg kvalitet, god smak og delikat anretning.

Vi driftar kantina i rådhuset i Meland Kommune og eigen kantine for tilsette i Havnevegen 11 / 15, Frekhaug. Vi leverer også catering i Nordhordland og Bergen, og i tillegg har vi utleige av møte- og selskapslokale, som også omfattar at vi leverer maten. Gløde AS er godkjend lærebedrift i kokk restaurant og storkjøkken. Vi har foreløpig hatt ein lærekandidat som gjennomførte kompetansebevis i kokkefaget og er no i ordinær jobb.



Foto: Francisco Photography. Kantine.

DRIFT OG VEDLIKEHALD

Gløde AS tilbyr arbeidstrenings ved drift- og vedlikehaldsavdeling der arbeidsoppgåvene er innanfor vaktmeisterteneste på eigne bygg og eigedom samt driftstenester i Frekhaug Senter. Arbeidsoppgåvene består av ansvar for vedlikehald av bygg og eigedom og drift av tekniske anlegg. Deltakarar vert opplært i strukturert og planmessig drift av bygg og eigedom, og dei vil bli involvert i vedlikehaldsplanar, brannvernsarbeid og sikring av bygg og eigedom. Vidare inneholder opplæringa/arbeidsoppgåvene bruk og vedlikehald av teknisk og mekanisk utstyr.

SNEKKER/TREARBEID

På treavdelinga vert det produsert treartiklar til industrien, hage- og sittebenkar, postkassestativ, bosspannskjularar m.m. Avdelinga gjev opplæring produksjon av treprodukt, handtering av verktøy, maskinar, HMS og dokumentasjon knytt til dette.

GJENBRUK

Sommaren 2018 starta vi eit prosjekt for gjenbruk av material og byggevarar, med mottak av materialet frå byggeplassar og riving av bygg. Materialet vert nytta i eigenproduksjon og for sal. Prosjektet gir gode arbeidsplassar for VTA, AFT og er ein god arena for avklaring. 2019 har vore eit aktivt år i prosjektet, men oppføringa av ein stålhall har vore meir tidkrevjande enn forutsett. Prosjektet er godt i gang, men vil skyta fart når hallen er oppført. Allereie no ser ein at dette er ein svært god arena for tilrettelagt arbeid, utprøving og kompetansebygging.

OVERSIKT OVER ARBEIDSFELT I VERKSEMDA



Foto: Francisco Photography. Trearbeid.



Foto: Francisco Photography. Lager på Mjåteit.

LAGER OG LOGISTIKK

Gløde AS har lagerhald av røyrklammer for Frank Mohn, samt lager av O-ringsett for Bergen Engines AS. Arbeidet på lager-/logistikkavdelinga er montering av klammersett, ordrepakking, pakking av O-ringsett, pakningssett og reparasjonssett til skipsmotorar, kvalitetskontroll, truckkjøring, dagleg kontroll av truck, varedeklarasjon, følge plukklister, kontroll av eige og andre sitt arbeid, og logistikksystem på data. I tillegg monterer vi gummipakningar i vinduslister for Lyssand Frekhaug

TRANSPORT

Arbeidet på transportavdelinga gjeld ulike transportoppdrag av eigne produkt samt transportoppdrag for eksterne oppdragsgivarar. Arbeidet består av lessing, lossing, sikring av last, køyring av varebil (Nordhordland, Bergen, Askøy), vera sidemann, levering, handtering av køyresetlar, planlegging av ruter og kundekontakt. Vidare inngår reinhald og enkelt vedlikehald av bilane.

KONTOR OG ADMINISTRASJON

Ved Gløde AS kan vi tilby arbeidstrening innanfor kontorfaglege oppgåver. Opplæringa fører ikkje fram til spesifikt yrke, men skal gi grunnleggande erfaring retta mot eit brent spekter av kontoroppgåver som er å finne i store delar av arbeidsmarknaden. Teknologi og endringar i arbeidsfeltet kontor- og administrasjon gjer at mange tradisjonelle arbeidsoppgåver fell bort eller er overført til tilsette i fagstillingar. Innanfor Gløde AS har vi relevante kontorfaglege oppgåver som kan utførast av tiltaksdeltakrarar i ein introduksjonsperiode i faget før ein arbeidspraksis eksternt.

MILJØARBEID

Ved Gløde kan vi også tilby arbeidstrening og opplæring i miljøarbeid. Dette arbeidsområdet passar for dei som har interesse for og ynskjer seg inn i et arbeid innanfor til dømes helsefag, vernepleie og som miljøarbeidar (dagsenter og liknande).

GLASPRODUKSJON

Gløde lagar ulike artiklar i glas. Arbeidet består i mange element frå oppkutting av ulike glastype, måling på glas, forme dekorative mønstre og brenning i omn. Det er hovudsakleg deltakrarar i VTA som deltek i denne produksjonen.

OVERSIKT OVER ARBEIDSFELT I VERKSEMDA



Foto: Francisco Photography. Glasengel.

TEKSTILARBEID:

Vi tilbyr arbeid med klipping, merking og sying av støvhettar til å beskytte av røyr og maskindelar under transport. Vi har også tilbod om veing av filleryar og produksjon av andre tekstilartiklar. Denne avdeling er tilrettelagt for deltakarar med stort tilretteleggingsbehov i VTA og kommunale tiltak.

PAKKING

Gløde har oppdrag frå ulike verksemder på pakking av O-ringsett, pakningssett og reparasjonssett til skipsmotorer og posepakking av monterngssett for røyrklammer. Dette er viktige jobbar for spesielt den gruppa med stort tilretteleggingsbehov i VTA og kommunale tiltak.

GLØDEPLUGG – OPPENNINGSBRIKETTAR

Vi har i 2019 hatt ein auka produksjon og sal av Glødepluggar, som er oppenningsbrikettar for omnar og bål. Vi har avtale om utsal gjennom ulike butikkar i Nordhordland og Bergen og direktesal gjennom lag- og organisasjonar. Vi har tilrettelagt produksjonen slik at dei fleste i VTA/kommunale tiltak kan ta del i dette arbeidet.

PAKKING AV JORD FOR MIKROGRØNT AS

Gløde har i 2019 inngått et samarbeid med Mikrogrønt AS om å pakke jord i beger for denne bedrifta. Mikrogrønt brukar desse vidare til dyrking av ulike urter som vert selde til BAMAs og ulike restaurantar og hotellet. Dette arbeidet gir nye moglegheiter for fleire av våre arbeidstakarar og innhaldet passar godt til Gløde sin miljøprofil.

FRUKTAVDELING (SKULEFRUKT/JOBBFRUKT)

Gløde AS leverer kvar veke om lag 420 fruktkorger til bedrifter i Nordhordland og Bergen. I tillegg vert det pakka og levert skulefrukt til skular i Nordhordland, Bergen og Askøy. Det er både deltakarar i VTA, AFT og elevar som deltek i dette arbeidet.



Foto: Francisco Photography. Jobbfukt.

UTVIKLING OG SAMARBEID

Utvikling og samarbeid

Gløde ser at utviklings- og forbettingsarbeid er svært viktig for verksemda og vi har også i 2019 satsa på dette.

Gløde AS har også i 2019 vore involvert i prosjekt i Moldova. Det var fem besøk i Moldova i 2019. I november 2019 hadde vi studiebesøk av dagleg leiar og opplæringsansvarleg i det nyopprettet verksemda i Moldova. Dette arbeidet gjev oss mykje kompetanse på utviklingsarbeid, internasjonalt arbeid og på prosjektarbeid.

Vi har også i 2019 samarbeid med andre tiltaksarrangørar om levering av anbod.

Gløde er medeigar i OK AMB (Opplæringskontoret Arbeidsmarkedsbedriftene). OK AMB er eit supplement til andre opplæringskontor, samt ein samarbeidskanal for alle arbeidsmarknadsbedriftene i Hordaland. Konseptet er å tilby opplæring for både lærlingar og lærekandidatar som har behov for tett oppfølging i læreløpet.

MILJØFYRTÅRN

Gløde vart miljøsertifisert i mars i 2019 og fekk overrakt beviset i fjor sommer av ordfører i Meland. Det er i forbindelse med sertifiseringa jobba mykje med miljø- og klimatiltak knytt til sjukefråvær, papirforbruk, fokus på kjøp av miljømerka produkt og innkjøp frå miljøsertifiserte produsentar/grossistar, fokus på miljøvennleg transport, redusera svinn og avfall, betre kildesortering og betre system på deklarering av farleg avfall, samt sikring for å unngå at det forurensast til luft og vann. Det ble jobba mykje med å betre våre rutinar og etablert miljøstasjonar på strategiske plassar. Miljøfyrtårnansvarleg jobbar nå for å innhente data og samarbeide med tilsette og leiinga for å setje nye mål.

AKTIVITET

Vi satte i 2017 i gang eit samarbeid mellom tilsette i Gløde og styret. Gruppa skal evaluera VTA-tiltaket og sjå grensa mellom arbeid og aktivitet og evaluere kvaliteten i VTA-tilbodet. Arbeidsgruppa avslutta arbeidet i 2019.

ISO 9001:2015

Gløde gjekk over til ISO 9001:2015 standarden i staden for Equass og vart sertifisert i september 2019.

MATERIALGJENBRUK

Det vart i 2018 starta prosjekt med gjenbruk av bygningsmaterial. Prosjektet tar sikte på å henta ut brukbare bygningsmaterial (vindauge, dørar, trematerial etc.) for vidaresal. Vi skal også lage produkt av gjenbruksmaterialar for vidaresal. Det vart i 2019 starta arbeidet med lager- og produksjonshall til dette formålet.

UNGDOMSPROSJEKT

Gløde jobbar med å utvikla eit tenestetilbod for ungdom som droppar ut av skule. Vi forsøker å få i gang eit samarbeid med skular, kommunar og andre involverte. Målet er å etablere strukturerte karriere og rettleiingstenester for denne gruppa. Prosjektet fortset i 2020.

2020

Gløde vil i 2020 satse vidare på utvikling av eksisterande varer og tenester, samt jobbe med utviklings- og innovasjonsarbeid med tanke på nye tenester og forretningsområde.

UTVIKLING OG SAMARBEID

SAMARBEID

- Tett samarbeid med dein einskilde rettleiarane på mange ulike NAV-kontor rundt kvar einskild sak
- Samarbeid med ulike helsetenester og spesialisteiningar i ulike saker.
- Samarbeid med etatar og tenester for å bistå deltakarar i ulike saker.
- Samarbeidsmøte med NAV
- Tett dialog med NAV Tiltak og Marknad og regionkontor.
- Samarbeid med ulike vidaregåande skular vedrørande lærlingar, elevar og ungdomsprosjekt
- Samarbeid med fleire vidaregåande skuler om praksisplassar
- Samarbeid med dei andre attførings- og tiltaksbedriftar vedrørande opplæringskontor for tilrettelagt opplæring
- Medlem av Nordhordland Næringslag, og vi deltek fast på møter og arrangement
- Deltaking Næringslaget sine nettverk
- Medlemskap i ASVL.
- Vi har deltatt på ulike møter og konferanser i regi av ASVL og Arbeid og inkldering
- Vi har eit formalisert samarbeid rundt anbod med Fretex AS og Trigger AS
- Tett samhandling med med næringslivet
- Samhandling med Træland Gard om AFT-tiltaket Grønt arbeid.
- Erfaringsutveksling med andre tiltaksarrangørar i vår og andre regionar



Leiargruppa i Gløde: Vibeke Prestmo Valestrand, Gry Iren Takle, Bjørn Thorsheim, Tryggve Gran, Thomas Knudsen og Bjørn-Arild Herfindal

UTVIKLING OG SAMARBEID

MOLDOVAPROSJEKTET

Gløde har sidan 2014 vore involvert i eit prosjekt i Moldova for å skapa arbeidstilbod til personar med redusert arbeidsevne. Målet er på sikt å utvikla nasjonale ordningar og tiltak. Prosjektet er finansiert av Norsk UD og hovudpartner i Moldova er Helse, sosial og arbeidsdepartementet og i 2014 vart det underteikna avtale mellom landa.

Vi jobbar no konkret for å få til tre pilotverksemder, tilsvarande våre arbeidsmarkanadsbedrifter, i tre kommunar, i nord (Balti), i hovudstaden (Chisinau) og i sør (Cahul). I 2019 har vi vore på fem reiser til Moldova og har kome eit godt steg vidare med planane. Det er svært utfordrande pga. vanskelege økonomiske føresetnader i Moldova og stadige politiske skifter

prosjektleiar. Elin slutta i Gløde i september og etter dette har Thomas Knudsen tatt over. Første verksemد vart formelt etablert i februar 2019 i Balti, regionhovedstad, nord i Moldova. Det har vore samhandling for å få til verksemder i Chisinau og Cahul, men så langt er det ikkje starta verksemder her. Dagleg leiar og ein medarbeider i Credem Eco var på studiebesøk til Gløde og tilsvarande verksemder i november 2019. Prosjektet løner dagleg leiar det første året. Det er også gjeve oppstartsstøtte til verksemda Credem Eco og dei byrjar no å verta klar til å starta cateringverksemد med 7 deltagarar som har fått lovnad om jobb i verksemda. Prosjektida er utvida til juni 2020. Målet er oppstart for deltagarar i 2.kvartal 2020.



Haust
Frå venstre: Tolk Tamara Burca, Dagleg leiar i Credem Eco/Tatiana Puga, Dagleg leiar i Gløde, Bjørn-Arild Herfindal og opplæringsansvarleg i Credem Eco, Elena Brdianu.

2017 til september 2019 var Elin Storsæt

KOMPETANSEHEVING

Kompetanseheving

Det har i 2019 vore ei rekke med kompetansehevande tiltak i verksemda. Interne kurs, kurs i samarbeid med andre vekst- og attføringsverksemder, bransjekurs, kurs gjennom fagforeiningar og eksterne kurs og utdanningar.

Vi har leid konsulent frå Sense til leiings- og organisasjonsutvikling, i tillegg har vi delteke på konferansar og samlingar i regi av arbeidsgjevarorganisasjonen og næringslag. Leirarar har delteke på kurs i organisasjonsutvikling, kvardagsleiring, multikulturell leiing.

Det har vore to personalsamlingar med innleigde foredragshaldarar med fokus på relasjonsleiring og organisasjonsutvikling.

Rettleiarar har delteke på ei rekke kurs og konferansar innan sine fagfelt. Det er også enkelte som tar vidareutdanning innan ulike relevante fag. Av kurs kan nemnast: VIP24-sertifisering, kurs innan autisme, kvardagsleiring, AFT-kurs og konferansar. I tillegg har leiing og tilsette vore på ulike ekskursjonar til andre verksemder.

Mange arbeidsleiarar har delteke på ulike kurs knytta til asperger, tilsettes rettigheter og plikter, autismespekteforstyrrelser, synleggjering av bedriftane , kurs i den nye kravspesifikasjonen for VTA, dagsenterkonferanse og fagkonferansar.

For enkelte tilsette i administrasjonen har det har også vært kurs i fagprogram og kurs i GDPR



Bilete frå ein personalsamling på Sansetunet

SERTIFISERING

Sertifisering

ISO 9001:2015

Gløde AS har kontinuerleg fokus på kvalitet, rutinar og prosedyrar. Gløde valde å skifte frå Equass til ISO 9001:2015 i 2019 og vi vart revidert i mai 2019 og vart sertifisert i slutten av september 2019. Bakgrunnen for overgangen er at ISO-standarden er betre kjend i næringslivet og er ein anerkjent og god kvalitetsstandard for både tenesteyting og produksjon. Gløde har vald å innlemma heile drifta i ISO-sertifiseringa. Dette har eit kontinuerleg arbeid, men er mest krevjande ved første revidering. Nå har vi eit godt grunnlag som skal vidareutviklast og reviderast kvart år.

ACHILLES JQS / EPIM

I samband med inngåing av service-, lager og transportavtale med Statoil Mongstad vart verksemda godkjent/sertifisert i Achilles JQS. Sjølv om oppdraget mot Statoil er avslutta, har valde vi å oppretthalde sertifiseringa i mange år. For å oppnå kvalifikasjon må vi svara på obligatoriske spørsmål knytt til HMS. formål og ha implementert og dokumentert eit kvalitetssystem i samsvar til en internasjonal standard EN ISO 9001 serien eller tilsvarande standard. Gløde vil nå i likhet med mange verksemder, gå over til Epim-standarden.

MILJØFYRTÅRN

Gløde ble sertifisert som Miljøfyrtårn i mars 2019 og fikk overrakt beviset i fjar sommer av ordfører i Meland, Øyvind Oddekalv. Det er i forbindelse med sertifiseringen jobba mykje med miljø- og klimatiltak i verksemda. Det skal kvart år sendast inn ein miljø- og klimarapport til Miljøfyrtårn. Sertifiseringa gjeld for 3 år.





GLØDE

Arbeids- og Kompetancesenter

TLF. 56 17 58 00

WWW.GLØDE.NO



DU FINN OGSÅ GLØDE PÅ FACEBOOK OG INSTAGRAM